



Valnemnda si innstilling

Leiar Olav Røssum og nestleiar Inger Lise Lund Stulien er på val i funksjonane sine i styret. Som styremedlemer er dei, slik som styret elles, valde for valperioden 2019 - 2023.

Valnemnda har vore i kontakt med båe.

Olav Røssum stiller seg til disposisjon for to nye år som styret sin leiar. Inger Lise Lund Stulien bed om avløyning som nestleiar. Valnemnda har teke Lund Stulien sitt ynskje til etterretning, og har deretter teke kontakt med Solveig Vestenfor. Ho har synt stor velvilje, og seier ja til å taka over stafettpinnen som nestleiar for dei to komande år.

Valnemnda fremjer såleis fylgjande innstilling for Rådsmøtet:

Leiar Olav Røssum (Sp), Innlandet, attval - vald for to år.

Nestleiar Solveig Vestenfor (A), Regionrådet for Hallingdal, ny - vald for to år.

Innstillinga er samrøystes.

Valnemnda har vore samansett av: Ragnhild Aashaug, Tolga, Kjell B. Melbybråten, Øystre Slidre, Dag Lislien, Rollag og Jørund A. Ruud, Bamble, sistnemnde som leiar.

For valnemnda,
Jørund A. Ruud